

Ottar Grepstad

# Eitt nynorskrike? Om regionalisering av nynorsken

Foredrag på konferansen "Strukturendringar i  
Kommune-Noreg", Ivar Aasen-tunet 25.4.2003

Nynorsk kultursentrum  
Ørsta 2003

Konstitusjonelt er Noreg éin stat med eitt sentrum. Kulturelt er Noreg meir som ein forbundsstat med mange sentrum. I Nord-Noreg kivar Bodø og Tromsø framleis om å vere det nordnorske sentrum, for innvandrarar flest er Grønland i Oslo eit sentrum, og i Hovdebygda på Sunnmøre held Nynorsk kultursentrum hus. I det namnet ligg ei politisk programerklæring om at det finst fleire sentrum enn det hovudstaden utgjer, og at den nynorske skriftkulturen i seg sjølv utgjer eit kulturelt tyngdepunkt.

Noko flunkande nytt syn på verda var dette så langt frå. Liknande argument blei brukte av dei som frå 1880-åra la tyngd til ideen om eit universitet på Vestlandet, som eit anna og norsk kultursentrum. Hundre år etter tok kulturstyresmaktene i dei fire vestlandsfylka til orde for noko som burde bli "ei kulturpolitisk eining med slagkraft." Den vestlandske sjølvforståinga ser ut til å vere vel så sterk no som for hundre år sidan, no til intellektuelt tonefølgje særleg frå samfunnsforskarar med bakgrunn nettopp frå det universitetet Vestlandet fekk frå 1948.

Det som er regionalt, kan vere viktig nasjonalt. Det ligg derimot i ordets makt at det som er perifert, ikkje er viktig nasjonalt. Å gjere krav på det allmenne representerer ein dragkamp om det kulturelle hegemoniet. Å snakke om det nynorske blir lett sjølvrefererande og slett ikkje alltid omfatta som like allment som det å snakke om det norske eller det globale. På den andre sida av saka, der det såkalla allmenne held til, manglar ein tilfredsstillande kategoriar for det nynorske, utan at den mangelen tykkjest vere noka plage. Historia om den nynorske skriftkulturen syner likevel at den allmenne oppfatninga av den såkalla språkutviklinga i dette landet, litt etter litt, gir rom for verdien av den språkløyvde norske kulturen. Eg er ikkje i tvil om at den nasjonale ambisjonen i det nynorske prosjektet har vore ein av fleire nødvendige føresetnader for å kunne rikke på det kulturelle hegemoniet på dette punktet.

I det nynorske er der med andre ord ei spenning mellom det nasjonale og det regionale. Denne spenninga hadde eg tenkt å skissere på fire måtar, og med

til dels heilt andre kategoriar enn dei som pregar debatten om regionalisering og strukturendringar:

- Kort rapport om den stabile tilstanden
- Offentleg og privat bruk av nynorsk
- Utvikling i retning av det regionale
- Utvikling i retning av det nasjonale

Det heile skulle ende i ein kort presentasjon av det viktigaste kulturpolitiske tiltaket på tvers av nynorske kommunegrenser.

Eg har eit manus. Det er tilgjengeleg i kopiform etter foredraget. Sjølv må eg leggje vekk manuskriptet av to grunnar. Den eine er at det er for langt. Den andre er at det blei sagt så mykje i går at det må seiast meir om det same i dag.

### **Den stabile tilstanden**

Situasjonen for nynorsk skriftkultur kan truleg oppsummerast med at språket aldri har stått så sterkt som i dag. Tilstanden er stabil. Den er så stabil at ei enkel grafisk framstilling av utviklinga dei siste tiåra ser ut som krusingar på overflata. Men under overflata kan det sjå annleis ut. Små dropar kan hole ut store steinar, berre dei blir mange nok og får halde på lenge nok.

Tilstanden for den nynorsk skriftkulturen er stabil, men krevjande. Det er eit faktum at nynorskbrukarane sin prosentdel av det norske folket er halvert sidan krigen og at den geografiske utbreiinga har gått kraftig tilbake i det same tidsrommet. Det nynorsken har tapt i ei relativt overflatisk utbreiing, har denne skriftkulturen teke att på fleire felt:

- Nynorsk har i aukande grad blitt eit *landsdelsspråk* for Vestlandet. I 1947 budde 56 % av nynorskelevane i vestlandsfylka, i 1967 hadde dette talet auka til 75 %, og i 2001 budde 86 % av nynorskelevane på Vestlandet. Tilbakegangen etter krigen har særleg råka Trøndelag, Nord-Noreg og Agder.

- Nynorsk har fått eit mykje *sterkare fotfeste i dei områda der språket blir mykje brukt*, og den språklege tyngdekrafta verkar i mange nynorskkommunar til fordel for nynorsken. Det har ein t.d. sett den siste generasjonen ved at stadig fleire lokale bedrifter har teke i bruk nynorsk.
- Nynorsk har fått eit *mykje sterkare institusjonelt rotfeste* i det offisielle Noreg: skuleverk, offentleg forvaltning, radio og fjernsyn, kunst og litteratur, akademisk liv osv. Språkløyvinga er institusjonalisert i lovgivinga, og det er etablert støtteordningar som er svært viktige for nynorsk skriftkultur, som parallellutgåvestøtta til lærebøker, innkjøpsordninga for skjønnlitteratur og ikkje minst pressestøtta.
- Mange *fleire nordmenn møter nynorsk i kvardagen* no enn tidlegare, og nynorsken har etter kvart fått ein lite omstridd og sjølvstøtt plass i det norske samfunnet jamført med stoda for berre ein generasjon sidan. Det ser ein tydeleg ved at knapt nokon lenger reagerer på at programleiarar på svært sentrale sendeflater i radio og fjernsyn nyttar nynorsk, eller at fjernsynsprogram blir teksta på nynorsk.
- Fleire undersøkingar syner ein svak tendens til at det er *noko fleire kvinner enn menn blant nynorskbrukarane*, mens éi viser motsett tendens. Tradisjonelt har menn dominert i dei framskotne posisjonane i målrørsla og nynorskinstitusjonar, med kaffistovene og mange andre lagsbruk som svært interessante unntak, men generelt har dette endra seg vesentleg til kvinnene sin fordel dei siste tiåra.

Vi kan i dag slå fast at minst 600 000 er nynorskbrukarar i det daglege. Til dette kjem det faktum at nynorsk og bokmål sidan 1885 har vore formelt likestilte språk i offentleg forvaltning. Det inneber at minst 200 000 tilsette i offentleg forvaltning dagleg skal vere i stand til å skrive nynorsk i sitt arbeid.

Det typiske for eit språk er at det blir brukt av få menneske. Fleirtalet av språka i verda blir brukte av færre enn hundre tusen menneske. I dei nordiske landa er det meir enn tjue språk. Berre seks av desse er brukte av meir enn ein

kvart million menneske, og då er ikkje dei mange nye innvandrarspråka frå Asia, Aust-Europa og Afrika rekna med.

Nynorsk er eit mindre brukt språk i Noreg, men eit stort språk i verda.

### **Den nynorske matrisen**

Når eit saksfelt blir for stort, blir det gjerne delt inn etter administrative sektorar. Mange analysar av tilstanden for nynorsk skriftkultur følgjer dette mønsteret: skule, kyrkje, offentleg forvaltning, presse, kringkasting m.m. Eg trur dette kan gjerast på andre måtar. Eitt grunnleggjande skilje i den norske samfunnsstrukturen går mellom privat og offentleg. Eitt tilsvarande grunnleggjande skilje i språkbruk går mellom skrift og tale. Desse to aksane offentleg – privat og tale – skrift kan plasserast som ein loddrett og ein vassrett akse i ein matrise. Det gir oss fire skriftkulturelle samfunnssegment:

- Offentleg skrift
- Privat skrift
- Offentleg tale
- Privat tale

Med *offentleg* meiner eg her verksemd som er regulert av lover eller regelverk, eller som er nøye knytt til verksemda i offentlege institusjonar. *Privat* viser dermed både til privat sektor, som ligg utanfor det som blir regulert av lover eller regelverk, men kan likevel femne om aktivitet i det offentlege rom.

Etter kvart er den munnlege praksis i Noreg blitt å tale dialekt nær sagt i alle samanhengar, og den eine av dei offisielle norske målformene har ikkje ein gong nokon sterk tradisjon for normert tale. Dette er eit særstykke i Europa. Den danske språkforskaren Lars Henriksen har difor kalla Noreg ein talespråkleg fristat (Akselberg i Bakke og Teigen 2001, s. 208). Å talfeste denne språklege praksis er alt anna enn enkelt. Let det seg i det heile gjere å talfeste tale slik vi gjer det for skrift? Kva *er* nynorsk tale? Vi veit ikkje korleis publikum ser på sine eigne dialektar – om dei meiner den ligg nærmast bokmål eller nynorsk.

Men vi veit kva språkforskarane seier: Historisk ligg eit klart fleirtal av norske dialektar nærmast nynorsk. Slik er det enno. Å tale om nynorsk tale må i første omgang difor referere nokså intuitivt til nynorsk eller nynorsknær tale.

Dei fire kategoriane kan etter dette plasserast i det eg kallar Den nynorske matrisen. Det spesielle med denne er at origo er 50 %, ikkje 0. Med det vil eg prøve å vise den dynamikken som heile tida pregar arbeidet for nynorsk skriftkultur og som representerer ei dragning og ei søking mot 50 %. Jo større prosenttal, jo større tyngd representerer det nynorske.

Meir privatisering og deregulering fører for sin del til at den private halvdelen av matrisen blir ein stadig viktigare arena for nynorsk skriftkultur.

FIGUR: Den nynorske matrisen

### **Offentleg skrift**

Den legendariske ekspedisjonssjefen for norsk kultur, Johs. Aanderaa, undra seg meir enn ein gong over kultursektorens tru på kongemakta: at det var meir pengar å hente hos staten enn hos kommunane. Det finst nok gode historiske grunnar til denne strategien. For målrørsla sin del er det heller ikkje tvil om at det var i området offentlig skrift at det var lettast å prøve å etablere den nye skriftkulturen, og det samstundes som ein sterk stat var under bygging. Av same grunn er det her vi lettast finn historisk materiale, som syner at bruken fordeler seg over heile skalaen frå 5 til 30 %:

- 15 % av *grunnskuleelevane* har nynorsk som hovudmål. I reine tal var det 89 000 nynorskelevar i skuleåret 2000–01. I dei fire vestlandsfylka har 46 % av elevane nynorsk som hovudmål, og i desse fire fylka finn ein 86 % av alle nynorskelevane i landet. Sogn og Fjordane er det einaste fylket der nynorsk er bortimot einerådande i grunnskulen ved at 96 % av elevane har nynorsk som hovudmål. På andreplass kjem Møre og Romsdal med 56 % nynorsk.
- Av gjeldande *lover* er om lag 15 % på nynorsk.

- 27 %, eller 116, av dei 434 norske *kommunane* har gjort vedtak nynorsk som administrasjonsspråk. 37 % eller 162 kommunar har gjort vedtak om bokmål, medan 36 % eller 156 kommunar er nøytrale. Dei fleste ”nøytrale” er i praksis bokmålskommunar, med Odda og Hol blant dei viktige unntaka.
- 92 av nynorskkommunane ligg i dei fire fylka på Vestlandet, som alle har nynorsk som fleirtalsmålform (nynorskvedtak i eit fleirtal av kommunane). Desse fire fylka har dermed nynorsk som administrasjonsspråk i høve til staten.
- Sogn og Fjordane er det einaste fylket der 100 % av kommunane – også *byane* – har valt nynorsk. I dei andre fylka er mønsteret at byane har gjort vedtak om bokmål (Stavanger, Haugesund, Kristiansund) eller er nøytrale (Bergen, Ålesund, Molde) og i praksis er bokmålskommunar.
- 31 % av alle *kyrkjesokn* nyttar nynorsk i liturgien. Denne prosentdelen ligg ganske så fast.
- Nynorsk kultursentrum kartlegg no arkiv, bibliotek og museum som bruker nynorsk i administrasjon, formidling og marknadsføring. Dette arbeidet vil bli avslutta før sommaren 2004. Så langt tyder materialet på at det finst godt over 300 slike institusjonar. Kva dette utgjer i prosent, er førebels ukjent.

### **Privat skrift**

Privat bruk av nynorsk femner om slikt som ikkje er regulert gjennom offentlege ordningar eller regelverk. På dette området står brukarane formelt fritt til å bruke det skriftspråket dei ønskjer. At det ikkje er slik i praktisk kvardag, ser eg no bort frå. Bruken av nynorsk held seg helst i området 5 – 15 %:

- På *Internett* er 6 % av alle norskspråklege sider på Internett på nynorsk. Trass i at både mengda av domene og dokument på Internett har auka kraftig dei siste åra, ligg prosentdelen nokså fast.
- Av 208 *aviser* i Norske Avisers Landsforbund og/eller Landslaget for lokalaviser blir 24 % (49 aviser) redigerte på nynorsk og 10 % (21 aviser) på

begge målformer. Nynorskavisene er likevel gjennomgåande mindre enn bokmålsavisene, slik at nynorskavisene stod for vel 6 % av nettoopplaget medan dei språkløyvde avisene stod for 5 % (1997-tal).

- Målt i titlar utgjer nynorskbøker årleg 5 – 9 % av alle *bokutgivingar*; berre lyrikksamlingane skil seg ut med ein uvanleg stor prosentdel. Utviklinga for barne- og ungdomsbøker er negativ, medan nynorskbøker innanfor skjønnlitteratur for vaksne har gått noko fram dei siste åra. Målt i prisar held litteratur på nynorsk høg kvalitet. Heile 20 % av alle *Brageprisane* som er blitt delte ut sidan starten i 1992, har gått til nynorskbøker.
- Tal frå Norsk Monitor 1995–99 syner at 9 % føretrekk å *lese nynorsk*. Blant desse er det noko fleire menn enn kvinner, høvesvis fleire eldre enn yngre, dei er helst busette i landdistrikt og aller helst på Vestlandet.
- Årleg bruker om lag 11 % nynorskskjema når dei fyller ut *sjølvmeldinga*.
- På eitt punkt har prosentbiletet endra seg tydeleg på kort tid. I 2001 kryssa 13 % av dei *vernepliktige* av for nynorsk. Denne prosentdelen har lege rundt 10 % i lengre tid. At rekrutteringa av vernepliktige har endra seg i seinare år, kan vere iallfall éi årsak til denne auken i nynorskbrukande vernepliktige.
- Det siste tiåret er det blitt gjennomført tre større meiningsmålingar som syner at *den private bruken av nynorsk* ligg kring 14 % og iallfall ikkje har gått tilbake mellom 1995 og 2002. I 1995 svarte 12,4 % av dei brukte nynorsk eller begge målformer. Hausten 2000 spurde Norsk Gallup på oppdrag frå Riksmålsforbundet 4077 nordmenn om dei brukte nynorsk eller bokmål eller begge målformer like mykje i private samanhengar. 8,5 % svarte nynorsk, medan 5,3 % svarte at dei bruker begge målformer like mykje. Dei siste er truleg i stor grad nynorskbrukarar som har flytta til bokmålskommunar og difor vekslar på. Samla utgjer nynorskbrukarane i denne undersøkinga 13,8 %. Tala blei stadfesta av ei meiningsmåling som Opinion stod for i april 2002. Der viste det seg at 14,2 % bruker nynorsk i ”privat samheng”.



- Salet av *Bibelen* og *Det nye testamente* på nynorsk ligg stabilt frå år til år, og utgjer om lag 15 % av det samla salet.

Den som nyttar nynorsk som språk for diktekunst, blir ganske raskt fanga opp og skriven inn i det nasjonale manntalet. Den som bruker nynorsk til andre gjeremål, er det nesten aldri husrom for i herbyrget. Leksikona er dermed eit handfast og bandsterkt uttrykk for kor viktig kunst på nynorsk er. Dei stadfestar at det i stor grad er gjennom kunsten at nynorsk skriftkultur har vunne sin posisjon i det norske kulturlandskapet. På kunstens område er nynorsk ei nesten heilt ikkje-kontroversiell sak. Utanfor kunsten er det derimot fritt fram for heile repertoaret frå tolerant likesæle til repressiv intoleranse.

Der kunsten har misst taket, tek makta over. Ei allmenn oppfatning om forholdet mellom kunst og samfunn er at kunsten er marginalisert. Viss det er ei dekkjande framstilling, vil det seie at nynorsk er mest akseptert der den har minst å seie. Nynorsken har enno ikkje kome seg ut av poetokratiets makt. Jo meir marginalisert kunsten blir, jo viktigare er det at nynorsken gjer seg gjeldande også utanfor kunstens område. Den doble marginaliseringa er ingen blivande stad å vere for nynorskbruket.

### **Offentleg tale**

Generelt veit vi meir om bruken av nynorsk i skrift enn i tale. Vi veit meir om offentleg tale enn om privat tale, og for offentleg tale ligg bruken av nynorsk mest i området 10 – 25 %:

- *NRK Radio* ligg kring 9 % nynorsk når dialektbruken ikkje er rekna med, og har 15 % nynorsk når halvparten av dialektbruken er rekna med. På dette punktet har målrørsla lenge vore kritisk til reknemåten til NRK. Reknemåten er tenkt ut av Finn-Erik Vinje, og for meg står dette etter kvart som noko av det klokare den karen har gjort i norsk språkpolitikk, av den enkle grunn at det no er vesentleg meir dialekt og dialekt nær tale i etermedia enn for berre få tiår sidan.

- *NRK TV* har ein svakare tradisjon for dialekt enn radiomediet har. Her ligg nynorskdelen rundt 13 % utan dialekt, 17 % med.
- Prosentdelen *stortingsrepresentantar* som nyttar nynorsk, har vore stabil kring 15–20 % i lengre tid.
- Av alle norske *kommunestyrerepresentantar* høyrer 23 % til i nynorskkommunar, men dette seier ikkje alt, for ikkje alle desse nyttar nynorsk eller nynorsknær dialekt. Så er det også slik at det vil finnast ein del nynorskbrukande representantar både i språknøytrale kommunar og i bokmålskommunar.
- At nynorskprosenten er svært høg både for talet på *godkjende salmar* til kyrkjebruk – heile 40 %, og i talet på diktsamlingar, vitnar om nynorskens estetiske kraft både verdsleg og sakralt.

### **Privat tale**

Dette området av nynorsk skriftkultur er det som er minst kartlagt. Gjennom meningsmålingar veit vi ein del om privat skriftleg bruk, men den private munnlege bruken utgjer lite anna handfast enn aningar og sannsynleggjeringar. Korleis publikum plasserer eigen tale i høve til skiljet mellom nynorsk og bokmål, vil i det minste gi noko å byggje vidare resonnement på. Her må vi også rekne med språkbruk i det offentlege rommet, men som i innhald og form er privat styrt utan lovverk og reglement:

- Ei avgrensa undersøking frå 1997 viste 21 % nynorsk i *nyheitssendingane til TV2*. Det statistiske grunnlaget er tynt, men TV2 har bygt vidare på NRK sin praksis og stadfesta at det nynorske nyheitsspråket er vel utvikla. Bruken av nynorsktalande ankermenn og -kvinner i TV2 har vel heller ikkje gått dei siste åra.
- Ein statistikk som NRK utvikla spesielt for *Nynorsk faktabok*, syner at det var spor på nynorsk på 14 % av alle musikk-cd-ar i 1995. Dette har skjedd utan eit einaste selektivt støttetiltak for bruk av nynorsk på dette området.

Det seier noko om kor sterkt songtradisjonen på nynorsk står, og at vi ikkje bør tru for blindt på tesen om at vegen til lykke er brulagd med selektive støtteordningar.

Denne gjennomgangen av påliteleg talmateriale opnar iallfall for den konklusjonen at nynorsk iallfall er eit 15 %-språk. Det er langt att til symbolgrensa 25 %, og det er truleg like utenkjeleg at nynorsk blir eit 50 %-språk som at det blir heilt borte. Bruken av nynorsk i offentleg skrift strekkjer seg mot høgare prosenttal enn bruken av nynorsk i privat skrift, medan vurderinga av forholdet mellom offentleg og privat tale er avhengig av korleis vi ser på samspelet mellom nynorsk og dialekt.

### **I retning av det regionale**

Kulturelle endringar tek som regel lang tid. Å drøfte regionalisering av det nynorske føreset difor at vi held nokolunde ordne på dei historiske kategoriane. Det kan kome til å setje ei forsamling av kommunalpolitikarar på ei hard prøve, iallfall viss han hadde rett, den rådmannen i Hurum kommune som sa at manns minne er tidsrommet mellom to formannsskapsmøte.

Historia om den nynorske skriftkulturen syner tydeleg at denne skriftkulturen har vore grunnleggjande regional i sin karakter. Det gjeld ikkje berre strukturen i språket ved at nynorsk byggjer på eit fleirtal av norske dialektar. Den regionale karakteren viser seg i måten språket blei teke i bruk på, og korleis det framleis blir brukt.

At det nye skriftspråket så raskt blei teke i bruk av store grupper, var avgjerande for gjennomslagskrafta til den nynorske skriftkulturen. Alt tjue år etter at skulestyra hadde fått lov til å velje skriftleg opplæringsmål og kyrkjelydane fritt kunne syngje Blix' salmar i kyrkja, var nynorskelevane i fleirtal i både Hordaland og Sogn og Fjordane. På kort tid følgde Rogaland, Agder og Telemark etter. Sidan har denne regionale krafta vore der.

Ideen om det nynorske blei realisert på ulikt vis frå fylke til fylke:

- Dei første bøkene kom i Hordaland.
- Dei første blada blei utgitt i Oslo og Hordaland.
- Kyrkjelydar i Telemark var dei første som brukte nynorske salmar i kyrkja.
- Dei første skulekrinsane med nynorsk opplæringsmål kom i Aust-Agder, Hordaland, Møre og Romsdal.
- Kyrkjesokn i Nord-Trøndelag og Hordaland var dei første som innførte nynorsk liturgi.
- Den første kaffistova blei opna i Oslo.
- Det første nynorske teatret blei skipa i Oslo, med utgangspunkt i teatermiljø i Akershus.
- Kommunar i Hordaland og Sogn og Fjordane var dei første som vedtok nynorsk som tenestemål.

Grunnlaget for den nynorske skriftkulturen blei altså lagt i heile åtte fylke. Møre og Romsdal, der det heile tok til med Ivar Aasen, var sjeldan tidleg ute. Meir enn noko anna fylke representerer Hordaland både pionerane, breidda og kontinuiteten.

Sjølv om det no finst nynorskelevar i 41 % av alle kommunane og den nynorske skriftkulturen blir meir brukt i riksmidia enn tidlegare på 1900-talet, er mykje av den daglege bruken av nynorsk blitt konsentrert til dei fire vestlandsfylka frå Rogaland til og med Møre og Romsdal. Mest har gått tapt i Aust-Agder og Nord-Trøndelag, og i Nord-Noreg blei nynorsken eit blaff i åra kring andre verdskrigen. Samstundes er der også tydelege tendensar til at austlandsfylka Oppland og Telemark var like viktige innanfor nynorsk skriftkultur i 1990-åra som før den tyske okkupasjonen.

Nynorsk kultursentrum har i arbeid ein dokumentasjon av det som kan kallast nynorskens historiske topografi, altså utbreiinga av nynorsk i tid og rom. Vi byggjer opp ein enkel database med opplysningar om når nynorsk blei innført i kyrkje, skule og offentleg forvaltning. Mykje er enno ugjort, men vi ser alt eit

mønster som til no har vore ukjent. Det mønsteret kjem fram i svara på fire spørsmål:

- Når tok kyrkjelydane i bruk Blix-salmane?
- Når blei nynorsk (landsmål) hovudmål i dei første skulekrinsane i ein kommune?
- Når vedtok ein kommune nynorsk som offentlege tenestemål?
- Når innførte kyrkjelydane nynorsk liturgi?

På tvers av svært skiftande kommunegrenser i det 20. hundreåret sit vi førebels med svara på desse spørsmåla for om lag 140 kommunar frå heile landet. Med det atterhaldet at ikkje alle data er på plass, gjer eit og same mønster seg gjeldande i alle fylka: Først innfører ein kyrkjelyd i kommunen Blix-salmane – gjerne før 1910. Så innfører dei første skulekrinsane i same kommunen til denne kyrkjelyden nynorsk som hovudmål – dei fleste stadene før 1920. Kort tid etter innfører kyrkjelyden nynorsk liturgi, også det gjerne før 1920. Til slutt vedtek kommunestyret nynorsk som offentlig tenestemål – og det skjer på nokre få år frå 1921 og utover.

Så langt tillet materialet den klare konklusjonen at mykje av det nynorske kjerneområdet i dag er stader der Blix-salmane kom tidleg i bruk. Den språklege vendinga på det religiøse feltet fekk hundreårlange følgjer for offentlig forvaltning og privatliv.

I tre av fire kommunar er dette mønsteret; berre tidspunkta varierer ein god del. Førebels er det for tidleg å seie om dei kommunane som i dag er med i Landssamanslutninga av nynorskkommunar, skil seg ut i høve til dei kommunane som ikkje lenger er ein del av det nynorske. Fleire LNK-kommunar er gode døme på det nemnde mønsteret, særleg Granvin, Odda og Ullensvang i Hordaland. Mønsteret er klarast i dei kommunane der dei første endringane kjem tidleg. Vidare er det ein tydeleg gjensidig påverknad mellom det verdslege og det geistlege. Denne vekslinga er særleg tydeleg i dei kommunane der overgangen til nynorsk tek til heller seint.

Sett under eitt går det i alle høve fort. Desse endringane skjer i all hovudsak mellom 1900 og 1925. Eg har tidlegare funne grunn til å kalle dette den vesle norske kulturrevolusjonen. Det meiner eg det framleis er gode grunnar til å gjere.

Det var vaksne menneske som gjorde dei vedtaka som skulle til. Dei hadde i svært liten grad møtt nynorsk i litteratur eller kunst gjennom skulen. Svært mange av dei hadde avslutta sin skulegang før jamstellingsvedtaket i 1885. Dei vaksne tok i bruk nynorsk først, ved å syngje Blix-salmar, så introduserte dei barna sine for det nye skriftspråket i skulen.

Desse prosessane kom ikkje ut or lause lufta. Vedtaka var i mange tilfelle resultatet av målretta arbeid frå målfolk som no tok til å organisere seg i mållag og ungdomslag. Men prosessane integrerte den nynorske skriftkulturen sterkt i det moderne Noreg. I 1912 var Blix-salmane innført i 35 % av alle norske kyrkjelydar. Då sidemålsstil ved eksamen artium var eit faktum frå 1912, etter vedtak i 1907, gjekk det alt nesten 50 000 elevar i nynorske folkeskulekrinsar. Det var 12 % av alle elevane i den norske folkeskulen.

Nynorsken blei sunge inn i den norske folkesjela. Både songane og salmane har hatt svært mykje å seie for den allmenne oppfatninga om og bruken av nynorsk. Når først den religiøse motviljen mot eit nytt språk om så personlege emne som tru og livssyn hadde lagt seg, vann nynorsken ein sterkare posisjon i kyrkja enn dei fleste andre stader i samfunnet. Kyrkjelyd på kyrkjelyd gjennomførte røystingar om Blix-salmar og om målforma i liturgien. Det mest slåande trekket ved desse røystingane er at ja-fleirtalet var så stort. Det var med solid fleirtal, ikkje med knappe marginalar, nynorsken fekk si utbreiing.

Eitt område målrørsla har følgd nøye, er bruken av nynorsk i skulen. Sidan 1965 har det vore gjennomført godt og vel 320 godkjende skulemålsrøystingar i Noreg. Røystingane syner kva innbyggjarane i dette landet faktisk meiner når dei må ta aktivt stilling til språkspørsmålet, og står overfor eit reelt val. Legg vi saman alle skulemålsrøystingane, har heile 45 % røysta nynorsk. Sett under eitt

har nynorskbrukarane tapt 6 av 10 skulekrinsar i desse røystingane. Når ei ordning har vore i bruk så lenge som skulemålsrøystinga har vore, samstundes som presset mot nynorsk iallfall ikkje er blitt mindre, kunne vi vente at ordninga ville verke mindre positivt for nynorsk i dag enn for tretti år sidan. Slik er det likevel ikkje. Fleire røystar for nynorsk i dag enn for tretti år sidan. I bolken 1965–69 røysta berre 34 % for nynorsk, mens 50 % gjorde det i bolken 1995–1999. Når veljarane får høve til det, vel mange fleire aktivt nynorsk i dag enn for tretti år sidan.

Summa summarum: Den allmenne tendensen i det 20. hundreåret var at nynorsken blei røysta inn med stort fleirtal og røysta ut med knappe marginar. Den posisjonen nynorsk skriftkultur har no, er resultatet av spenningane mellom det sterke regionaliseringa av nynorsk som kvardagsspråk og den sterke nasjonale institusjonaliseringa av denne skriftkulturen.

”Eg opplever at sentraladministrasjonen og Stortinget ivrer etter å statleggjøre oppgaver,” sa statssekretær Morten Meyer i går. Ein opplever så mangt rundt kongens bord.

Vi som arbeider innanfor den såkalla kultursektoren kan berre skrive under på ei slik utsegn med påhalden penn. Det vi erfarer, er at makt og funksjonar blir flytta ut av Stortinget og ut av departementa og inn i ymse offentlege forvaltningsorgan. Den einaste openberre konsekvensen av det blir at det blir mindre folkevald styring med den faktiske kulturpolitikken.

Vi som arbeider med eit nynorsk blikk, merkar svært lite til den såkalla statleggjeringa. Vi merkar derimot ein aukande vilje hos norske rådmenn til å luften sine fordommar offentleg og jamvel prøve å omforme desse til realpolitikk. I fleire kommunar har rådmannen teke til orde for at kommunane bør skifte målform.

Dei har to argument.

Det eine er at nynorsk er for dyrt. Eg kjenner ikkje til eit einaste reknestykke frå ein einaste rådmann som sannsynleggjer den utsegna. I alle

andre samanhengar skal ein rådmann gjere greie for dei økonomiske sidene av ei sak. Når språkpolitikk er saka, treng han ikkje umake seg med slikt.

Det andre argumentet er at kravet om nynorsk gjer søkjarlista til ein del stillingar dårlegare. Då spør eg med Gunnar Skirbekk i Ivar Aasen-minneforedraget under Festspela 2002: Kor lett må vi ha det? Kan vi ikkje få nokre ansikt på denne påstanden, kan ikkje nokon stå fram og seie at nei, den stillinga vil eg ikkje søkje på, for eg liker ikkje nynorsk eller eg kan ikkje nynorsk. Kva andre ting er det slike folk ikkje kan?

Viss strukturendringane i norske kommunar fører til at vi får færre rådmenn som argumenterer slik, vil eg vurdere å bli sterk tilhengjar av samanslåingar.

Det sit om lag 3000 kommunestyremedlemmer i nynorskkommunane. Saker av den typen eg her har nemnt, viser at desse folkevalde må ta inn over seg det kulturpolitiske ansvaret dei forvaltar. Det er då også nettopp det dei har gjort i dei aktuelle kommunane.

Sverre Jervell ser på region Vestlandet som ein ny utveg for nynorsken. Først må eg då spørje: Treng nynorsken ein ny regional utveg? Region Vestlandet har vore der sidan 1910, minst. Vidare meiner han at den nasjonale strategien i målrørsla må byttast ut med ein regional. Då må eg spørje: Kvifor det eine mot det andre? Den einaste målpolitiske strategien som har gitt resultat, har vore å gjere begge delar. Dei visjonære praktikarane på nynorsksida såg tidleg at vegen til kulturell makt i dette landet går gjennom Oslo. Det skapte nærleik til det etablerte maktapparatet. Den nærleiken opna for makt og påverknad. For er det noko som kan seiast om embetsverket i norsk statsforvaltning, så er det at det er lommekjent i kulturlivet i Oslo, og elles set stor pris på å få oppleve vestlandsnaturen ein kveldstur i Ørsta. Den som vil ha kulturell makt må vinne nokre strategiske posisjonar i området rundt gamle Hammersborg i Oslo. Men dei visjonære praktikarane gjorde ein ting til: Dei mobiliserte regionalt. Den kombinasjonen har gitt resultat. Det nyaste dømet på



det er måten NRK-styret kom på at dei måtte opprette eit kompetansesenter for nynorsk mediespråk i Førde.

Eit overflatisk blikk på Europa-kartet er nok til å hevde at dei mindretalskulturane som har eit nokså tydeleg kjerneområde, sin stad i verda, hevdar seg med større styrke enn kulturmiljø flest, særleg viss dei i tillegg er sterkt institusjonaliserte i samfunnet. For at nynorsk skal ha truverde nasjonalt, må denne skriftkulturen også i framtida ha eit tungt regionalt tyngdepunkt utan å bli regionalisert til ein ghetto.

### **I retning av det nasjonale**

Det regionale peikar i mange tilfelle ut over dei einskilde regionane. Den nynorske matrisen syner at den språkløyvde norske kulturen er eit nasjonalt fenomen, ikkje eit regionalt. Nokre av dei faktorane som verkar inn på dette, er meir openberre enn andre.

Fordelinga av nynorskkommunar er berre eitt av mange uttrykk for dette. På det meste var det nynorskkommunar i 12 fylke her i landet. No fordeler dei seg på 9 fylke. Statistikkane fortel også eintydig at langt frå alle nynorskbrukarar bur i nynorskkommunar. Vi finn truleg kvar femte nynorskbrukar andre stader i landet. Skuleverket syner dette i praksis. Grunnskulen er i ferd med å bli meir delt på kryss og tvers enn tidlegare. I skuleåret 2000–01 hadde 50 av 450 kommunar språkdelt grunnskular, altså skular der ein eller fleire klassar hadde eit anna hovudmål enn resten av skulen. Til saman var det om lag 400 slike skuleklassar med slike ordningar, og over halvparten av desse finn vi i eitt og same fylket: Rogaland. Over 40 % av kommunane har skular der det kvart år går elevar med nynorsk som hovudmål.

Boka blei teken tidlegare i bruk enn bladet som massemedium for den nynorske skriftkulturen. Men då blada først kom, kom dei i hopetal. Fram til andre verdskrigen blei det i kortare eller lengre tidsrom utgitt langt over 300 nynorske blad og aviser. Det var gjennom blada lesestoff på nynorsk nådde

lengst ut. Desse publikasjonane peikar i prinsippet ut over det lokale og det regionale fordi dei er allment tilgjengelege – om enn ikkje alltid i praksis

Ein tredje faktor som peikar ut over det regionale er sjølve målrørsla. Den regionale krafta er mindre tydeleg i nynorskorganisasjonane enn i samfunnet elles. Både tidleg og seint på 1900-talet sokna under 40 % av lokallaga i Noregs Mållag til vestlandsfylka. Her kan vi finne noko av grunnen til at målrørsla lenge har undervurdert situasjonen i det nynorske kjerneområdet.

Også institusjonar i tradisjonell forstand er med og jamnar ut dei regionale skilnadene i retning av det nasjonale. Ivar Aasen-tunet er noko så sjeldant som ein nasjonal nynorskinstitusjon lokalisert i ein vestlandsk nynorskkommune. Nynorsken skil seg frå så godt som alle andre språk som blir brukte av eit mindretal på eit svært vesentleg punkt: Det finst så mange institusjonar og organisasjonar som sikrar kontinuitet og systematisk vidareutvikling av den nynorske skriftkulturen. Det gjer at denne skriftkulturen er no meir integrert i det norske samfunnet enn tidlegare.

Der er også ein annan viktig forskjell: I prinsippet forstår alle innbyggjarar i Noreg nynorsk – med eit atterhald for innvandrarar som lever i miljø med lita kontakt mot det nynorske. Det vi veit om publikumsbruken av radio og fjernsyn, fortel oss at det ikkje er mogleg å leve ein vanleg dag i Noreg utan å høyre nynorsk tale eller lese nynorsk tekst. I den norske kvardagen finst det knapt noka nynorskfri sone lenger.

Nynorsk er meir enn eit språk. Nynorsk er ikkje berre ein skriftkode og ein variant av norsk, nynorsk er òg ein heil skriftkultur som har fått sitt kulturelle særpreg gjennom 150 års bruk og utvikling. Nynorsk og bokmål er utgangspunktet for kvar sin skriftkultur som har levd gjennom eit langvarig motsetnadsforhold og stått mot kvarandre på fleire punkt: talemålsgrunnlag, nasjonalt utgangspunkt, sosiokulturelt ankerfeste, geografisk utbreiing, talet på brukarar, allmennpolitisk grunnlag m.m. Og ikkje minst er nynorsk skriftkultur prega av å heile tida å ha stått i ein mindretalsposisjon i Noreg. Når ein med

omgrepet *målform* talar om nynorsk og bokmål som to ulike *former* av eitt språk, 'norsk', står ein i fare for å underkommunisere at det også er to ulike skriftkulturar ein snakkar om innanfor den språkløyvde norske kulturen.

Institusjonane si rolle endrar seg i samfunnet, men vi kjem ikkje bort frå at det trengst tunge, institusjonelle reformer også i framtida. Desse reformene må særleg ta sikte på å halde ved like og styrkje bruken av nynorsk i dei såkalla kjerneområda, slik at nynorsken kan halde på det fotfestet den har fått, og dei må ta sikte på å halde oppe og styrkje statusen og bruken til nynorsk på nasjonalt plan for å halde oppe nynorsk som reelt nasjonalmål. Berre institusjonar med nynorsk skriftkultur som øyremerkte oppgåve vil systematisk følgje opp dei språk- og kulturpolitiske forpliktingane over tid og styrkje denne skriftkulturen.

Mange har ein språkpolitisk funksjon jamvel om dei formelt sett har andre føremål, t.d. høgskulane. Bakgrunnen for at dei blei skipa vil alltid vere eit relevant argument i diskusjonar om korleis desse institusjonane skal utvikle seg vidare. Formelle eller reelle funksjonar og posisjonar er andre avgjerande faktorar. Vi bør difor utvide vår eiga forståing av kva som bør reknast som nynorskinstitusjonar.

Dette viser også att i kulturpolitisk handling. Ein trur kulturpolitikk er det Kultur- og kyrkjedepartementet steller med, og at dei politiske rammevilkåra dette departementet stiller opp, er dei som betyr noko. I røynda har kanskje tiltak og reformplanar i andre departement vel så mykje å seie som det dette eine departementet gjer. Det veit målrørsla frå sin eigen praksis. Den som arbeider for meir nynorsk, veit såleis godt kva skulemål har å seie og kvar den sida av saka er i systemet.

Det er den nynorske skriftkulturens styrke at den så godt som alltid er i opposisjon, er i mindretal, er mindre brukt, skil seg ut frå det typiske. Samstundes er dette eitt av dei mest kritiske punkta for nynorsken. Alltid er det noko å passe på, heile tida risikerer vi å ta feil av ei blindgate og ein utveg, gong på gong kan noko skje som på eit seinare tidspunkt vil utløyse brå endringar i

situasjonen for nynorsk skriftkultur. Den som ikkje bruker det nynorske blikket på ein del store reformsaker i norsk politikk, risikerer å oversjå slike konsekvensar.

Den viktigaste politiske meldinga no er at den nynorske skriftkulturen treng nye tiltak for å tryggje og styrkje sin eigen posisjon. Slike nyvinningar må ikkje gå på kostnad på etablerte institusjonar og ordningar som er velfungerande og som har vist seg å vere føremålstenlege. Både ein del generelle støtteordningar og meir selektive tiltak må haldast oppe og styrkjast, viss det skal gi meining å tale om at begge dei norske skriftspråka skal haldast i hevd.

Den allmenne politiske utviklinga er prega av individualisering, privatisering og regionalisering. Gjennom privatiseringsprosessar blir delar av offentleg verksemd flytta over til andre aktørar og arenaer. Norsk kulturøkonomi er framleis ein blandingsøkonomi og kan knapt bli noko anna. Nokre kulturfunksjonar er og blir slik at det offentlege må ta hand om dei til beste for både fellesskap og individ. Slik er det også i samfunn der offentleg sektor har langt mindre å seie enn i Noreg.

Det er berre det at ei rekkje funksjonar innanfor norsk offentleg forvaltning no er på flyttefot. Der statlege instansar før var meir eller mindre einerådande, spelar no fylkeskommunar og primærkommunar ei stadig større rolle. Eg forstår lite av denne jubelen over det som blir kalla auka kommunalt sjølvstyre. Norsk kommunaløkonomi er no slik at det auka sjølvstyret blir auka avmakt. Eit hovudspørsmål i norsk kulturpolitikk det komande tiåret vil vere korleis kvaliteten på dei kulturelle tenestene kan haldast oppe viss den regionale og kommunale økonomien ikkje blir betre enn no.

Det blei sagt i går at språksaka ”på en måte er tatt av den politiske dagsorden”. Slik talar personar når dei utøver kulturelt hegemoni. Kven er det som har rett til å melde at språksaka ikkje står på den politiske dagsorden? I går gav kulturministeren klar melding om at det ikkje er likegyldig kva ministrar som sit i ei regjering når språksaker står på dagsorden. Eg trur ho tenkte på det

som skjedde få dagar etter at Samarbeidsregjeringa var blitt utnemnd. Då gjekk utdanningsministeren ut og sa at ho ville bort frå obligatorisk undervisning i sidemål. Kulturministeren nøgde seg med å slå fast kva som var gjeldande regjeringsspolitikk og nedfelt i Semerklæringen. I går slo ho fast at kommunane er viktige språkbrukarar og ein viktig del av ein samla norsk kulturpolitikk. Det trur eg aldri nokon kulturminister har sagt før. Flasketuten peikar rett mot kommunane.

Nynorsk kultursentrum har teke til orde for auka kulturell makt. Det har vi ikkje gjort i ei naiv tru på kulturens makt, men fordi dette landet må prioritere annleis og ta inn over seg dei behova som gjer seg gjeldande for auka investeringar og forbruk i kulturektoren. Kulturell makt føreset økonomisk handlekraft og sterke institusjonelle ordningar. I staden knip kommune etter kommune no inn på alt som ikkje er lovpålagt.

Det blir lett politisk koketteri å hylle det fleirkulturelle norske samfunnet viss kulturektoren skal bli verande eit marginalt fenomen. Dette marginale fenomenet blir endå meir marginalt viss kommunane skal ta over ein auka del av det økonomiske ansvaret. Vel vitande om at 34 kommunar har løyvt sine summar til å byggje det nye uteamfiet i Aasen-tunet og på den måten var med i eit nasjonalt fellestiltak, slit eg med å sleppe laus nokon jubel over kultursatsingane i ein nynorsk gjennomsnittskommune. Utan statens rolle ville kulturinstitusjonen Ivar Aasen-tunet aldri blitt realisert. Eg har for min del difor lite lyst til å bruke tid på å diskutere regionalisering av noko som helst der det ikkje følgjer med gode økonomiske løysingar på kjøpet.

Det kulturelle hegemoniet som hovudstaden utøver overfor det som der inne gjerne blir kalla periferien, er iallfall ikkje svakare no enn før. På godt og vondt er der likevel ein dynamikk i forholdet mellom det nasjonale og det regionale som kanskje kan utnyttast. Det som vinn fotfeste regionalt, kan oppnå legitimitet nasjonalt. Minst like viktig: Det som får nasjonal status, kan også vinne regional prestisje. Ivar Aasen-tunet er ei ikjøting av begge desse

faktorane. Slik er det også med det viktigaste blant dei nasjonale og regionale nynorsktiltaka.

### **Den uløyste nasjonale og regionale oppgåva**

Mens vi i Samuel Becketts ånd ventar på operaen, blir det avgjerande spørsmålet kva slags kulturpolitikk som skal førast i norske kommunar etter den første arien i Bjørvika hausten 2008. Det som trengst no, og som det er kulturøkonomisk rom for, er kulturpolitiske reformer med stor spreiningseffekt og låg kostnad der det regionale og det nasjonale dreg i same lei.

Kvart tiår har hatt sine store kulturpolitiske reformer til fordel for nynorsk skriftkultur. I 1980-åra var nybygget til Det Norske Teatret ei slik reform, liksom realiseringa av Ivar Aasen-tunet var det i 1990-åra. Institusjonane si rolle endrar seg i samfunnet, men vi kjem ikkje bort frå at det trengst tunge, institusjonelle reformer også i framtida. Dei nynorske miljøa står samla om at eit digitalt og allment nynorsk leksikon vil vere det viktigaste nye tiltaket det komande tiåret for å sikre nynorsk som allment bruksspråk i framtida, også for nye generasjonar.

På presist norsk heiter det ein Internett-basert kunnskapsportal til eit mangfaldig elektronisk kvalitetsinnhald på nynorsk.

På godt norsk heiter det *Nynorsk leksikon*.

Det er snart 50 år sidan siste nynorske leksikon, *Norsk allkunnebok*, blei sluttredigert. Det Norske Samlaget har i mange år prøvd å finansiert ein avløyssar, men så langt har det ikkje kome éi krone til dette tiltaket. Dei siste åra har fleire aktørar arbeidd målretta saman for å kome vidare. Grunnane er mange og behova store:

- *Nynorskbrukarane må kunne finne sine egne ord i vanleg brukte oppslagsverk på Internett*: Både leseundersøkingane og allmenn kunnskap om bruken av Internett viser kor viktig det er at særleg barn og unge med nynorskbakgrunn finn sitt språk i desse oppslagsverka. Å gå vegen om

oppslagsord på bokmål aukar språkpresset. Den som ser og høyrer og les meir av sitt eige språk, har også lettare for å bli tryggare på sitt eige språk.

- *Styrkje dei nynorske kjerneområda*: 600 000 nordmenn bruker nynorsk som førstespråk. I tillegg kjem alle andre som av ulike grunnar ønskjer informasjon på nynorsk eller om nynorsk. Nøkkelen til framtida for nynorsk skriftkultur ligg i dei nynorske kjerneområda.
- *Meir nynorsk på Internett*: Nynorsk blir mindre brukt på Internett enn i andre medium. Populære nettstader med nynorsk vil vere med og rette på dette.
- *Eit allment leksikon for heile landet*: Det trengst eit allment nasjonalt leksikon som dekkjer heile landet og det samla norske kulturelle mangfaldet. Ein leksikonbrukar i Nordland søkjer ofte etter anna stoff enn ein brukar i Hedmark. Norske leksikon er prega av den hovudstadsbaserte nasjonsbygginga dei ein gong var ein del av. Dei inneheld difor mest stoff som er gyldig for heile landet, mens regionalt stoff fell ut, t.d. omtale av Hans Kr. Eriksen. Han har gitt ut ei rekkje viktige bøker og har redigert Nordnorsk magasin sidan starten i 1977. Likevel er han enno ikkje skriven inn i det nasjonale minnet. Det finst mange slike eriksenar.
- *Det nynorske blikket*: Den nynorske skriftkulturen har sine eigne referanserammer. Nynorskbrukarar må finne opplysningar i den målforma dei bruker, og dei må kunne kjenne igjen si eiga omgrepsverd, sin eigen kulturelle kvardag, og si eiga kulturhistorie. Svært lite av dette er med i dagens allmenne leksikon.
- *Oppslagsverk for nynorskelevar*: Det er like viktig med redigerte og pedagogisk tilrettelagde oppslagsverk på nynorsk som lærebøker og ordbøker på nynorsk. Undervisninga i skulen dreg vekslar på eit mangfald av kjelder og kunnskapsstoff, ikkje minst digitale, som i stadig sterkare grad avløyser den tradisjonelle læreboka. No må nynorskelevane jamt over nøye seg med slike kunnskapskjelder på bokmål.

- *Oppslagsverk for bokmåselevar*: Fleire hundre tusen bokmåselevar treng ei påliteleg kunnskapskjelde på nynorsk når dei arbeider med nynorsk som sidemål.
- *Styrking av norsk språk*: Leksikon og andre kunnskapsbasar spelar ei nøkkelrolle i skjeringspunktet mellom fagspråk og allmennspråk, og har hatt mykje å seie for utviklinga av termar og fagspråk. Eit nynorsk leksikon vil såleis også vere eit vesentleg bidrag til utviklinga av nynorsk fagterminologi, kome bokmålet til gode og styrkje norsk språk generelt.
- *Meir nynorsk på Internett*: Nynorsk blir mindre brukt på Internett enn i andre medium. Populære nettstader med nynorsk vil difor vere eit gode i seg sjølv.

Den billege løysinga som kan dekkje alle desse behova, er at Samlaget og Nynorsk kultursentrum i samarbeid med J. W. Cappelens Forlag byggjer opp eit *Nynorsk leksikon* med to hovudstolpar:

- Ein *leksikondel* med kjernestoff og utdjupingsstoff: 65 000 artiklar frå dagens Caplex blir omsette og supplerte med 3000 nyskrivne artiklar om nynorsk skriftkultur og over 100 000 artiklar frå eksisterande ordbøker på nynorsk.
- Eit *nettbibliotek* med minst 20 000 tekstsider frå sentrale skjønn- og faglitterære tekstar, både *på* og *om* nynorsk, lagt til rette ut frå behova i skuleverket og ut frå høge faglege krav til tekstpublisering.

Vi veit kva som trengst, vi veit korleis det bør gjerast, vi veit kva det vil koste å utvikle eit slikt leksikon og kva det truleg vil koste å halde det oppdatert.

Det ingen veit, er kvar pengane skal kome frå.

Vi veit berre kvar dei bør kome frå, og vi arbeider med saka.

Dette prosjektet vil verke positivt både der nynorsk skriftkultur alt står sterkt og der den bør styrkjast, så vel i offentleg som privat samanheng, i skrift, ganske sikkert også i tale. For den som ser og høyrer og les meir av sitt eige språk, har også lettare for å bli tryggare på sitt eige språk. Titusenvis av skuleelevar, mange av dei langt utanfor det nynorske kjerneområdet, ventar på eit slikt tilbod.



Nynorsk leksikon er eit nasjonalt prosjekt som føreset regional deltaking og som vil vere til større nytte enn mange såkalla nasjonale kunnskapsbasar. Det representerer altså eit kulturpolitisk reformtiltak som er typisk for dei prosjekta som har flytta merkesteinar for den nynorske skriftkulturen. Denne skriftkulturen har ein ambisjon om å representere ein sjølvstendig del av den språkløyvde norske kulturen på nasjonalt nivå. Ved å vere synleg nasjonalt blir denne skriftkulturen også viktigare regionalt, og ved å erkjenne sitt regionale tyngdepunkt kan den nynorske skriftkulturen også bli viktigare nasjonalt. Gir det då politisk meining å tale om den nynorske skriftkulturens nasjonale regionalitet?

# Dokumentasjon om nynorsk skriftkultur

Ottar Grepstad: *Nynorsk faktabok 1998*. Oslo 1998

Ottar Grepstad: *Det nynorske blikket*. Oslo 2002

Ottar Grepstad: *Viljen til språk*. Årstale nr. 2 om tilstanden for nynorsk skriftkultur. Ørsta 2002

Nynorsk kultursentrum: *Årsmelding og rekneskap 2002*

*Nynorsken i årstal*. Tidstavle i basisutstillinga i Ivar Aasen-tunet

[www.aasentunet.no](http://www.aasentunet.no)

Nettstaden for påliteleg og oppdatert informasjon om nynorsk skriftkultur